



Black Watch passerer Uskedalen for 2 år sidan (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Frå hamnelista les vi at cruiseskipet Black Watch skal til Eidfjord to gonger i sommar, 4. og 28. juli. Maskinsjef er Kjartan Steinsletten (35) frå Uskedalen.**



Kjartan Steinsletten har no vore 14 år i "bransjen"

Sommaren 2009 gjekk Black Watch to gonger gjennom Storsund og med støyt i fløyta helsa skipet heimbygda til maskinsjefen.

Black Watch på 28670 bruttotonn tilhøyrrer reiarlaget Fred Olsen i Oslo. Skipet er registrert på Bahamas men har basen sin i Dover i England, Det vart bygd allereie i 1972, men er ombygd to gonger og har hatt tre andre namn.

Eit anna Fred Olsen-skip, Balmoral, på 43000 brt, gjekk også gjennom Storsund for nokre år sidan. Balmoral skal også på cruise til Hardanger denne sommaren.

Tilsaman 43 cruiseskip skal innom Eidfjord sommaren 2011. Størst av alle er Ventura på 115000 bruttotonn. Fire av dei har stopp i Rosendal.

Etter seglingsplanen har Black Watch avgang frå Eidfjord kl. 17. Dersom ruta går via Storsund, vil vi sjå skipet i åtte - ni tida på kvelden.

Av Kristian Bringedal